

Relemo

Hei alle saman!

Vi skal nå starte opp med Relemo (REpetert LESing MOdul). Relemo er eit lesetreneringsprogram for å lese raskare, meir nøyaktig og betre forståinga. Vi kjem til å bruke dette som leselekser i 6 veker denne våren.

Programmet fungerer på datamaskin og nettbrett. Det er viktig at ein vaksen sit saman med barnet når det les, for å sikre nøyaktig lesing. Om barnet les feil, peik på ordet, slik at barnet les ordet rett før det fortsetjer i teksten.

1. Gå inn på <https://relemo.conexus.no/login/index.php> og logg på med Feide.
2. Barnet ditt skal gå inn på **øving nivå 20**.
3. Bokstavar og ord skal ha 2 repetisjonar, teksten skal ha 3, alle på 60 sekund. Dette stiller ein inn første gang.
4. For å starte øvinga, trykker de på start-knappen. Teksten startar etter nedtelling. Det er viktig at barnet startar å lese med ein gang øvinga kjem til syne. Etter eitt minutt blir skjermen raud. Marker det siste ordet som blei lese ved å klikke på det. Trykk på start for å lese teksten ein gang til frå start. Tanken er at barnet les lenger denne gangen.
5. Når barnet er ferdig med siste gang, kjem det automatisk fram ein graf som viser framgang mellom dei ulike repetisjonane. Dette motiverar barnet og viser at vi blir flinkare når vi les mange ganger.

Skjermbildet av grafen blir ikkje lagra, men lærarane kan følgje med på kor mykje elevane les kvar dag.

